



## Om skjemaet

Føremålet med ei alminneleg melding er å gi Konkurransetilsynet informasjon om føretakssamanslutninga, slik at tilsynet kan vurdere om ein skal gi pålegg om fullstendig melding med tanke på ei grundigare vurdering av saka. Reglane om alminneleg melding av føretakssamanslutningar kan ein finne i konkurranselova § 18 fyrste, andre og sjette ledd og i forskrift om melding av føretakssamanslutningar §§ 1 til 3 og 6. Konkurransetilsynet har dessutan gitt retningslinjer for alminneleg melding av føretakssamanslutning. Sjå [www.konkurransetilsynet.no](http://www.konkurransetilsynet.no) for meir informasjon om lova, forskrifta og retningslinjene.

## 1. Meldar(ar)

Partane i fusjonen eller den eller dei som varig overtek kontroll over eitt eller fleire andre føretak.

### 1.1 Meldar

Skal alltid fyllast ut

Føretaksopplysningar

Namn		Organisasjonsnummer
------	--	---------------------

Adresse	Postnummer	Stad
---------	------------	------

Telefonnummer	Telefaks	E-post
---------------	----------	--------

Kontaktperson/representant		
----------------------------	--	--

Namn		Stilling
------	--	----------

Adresse	Postnummer	Stad
---------	------------	------

Telefonnummer	Telefaks	E-post
---------------	----------	--------

<b>1.2 Annan meldar</b> Fyll ut ved fusjon eller når det er meir enn eitt føretak som overtek kontroll. Dersom det er fleire enn to meldarar skal opplysningar om desse leggjast ved skjemaet.		
---	--	--

Namn på føretak		Organisasjonsnummer
-----------------	--	---------------------

Adresse	Postnummer	Stad
---------	------------	------

Telefonnummer	Telefaks	E-post
---------------	----------	--------

<b>2. Andre involverte føretak</b>		
------------------------------------	--	--

2.1 Anna involvert føretak		
----------------------------	--	--

Namn		Organisasjonsnummer
------	--	---------------------

2.2 Anna involvert føretak		
----------------------------	--	--

Namn		Organisasjonsnummer
------	--	---------------------

### 3. Type føretakssamanslutning

Meld kva for ein type føretakssamanslutning det dreiar seg om.

Fusjon     Oppkjøp     Anna (spesifiser i feltet til høgre)

### 4. Strukturen og verkeområda til føretaka

Gjer greie for dei involverte føretaka (føretaka frå punkt 1 og 2) sine juridiske og organisatoriske struktur, og verkeområda deira. Utgreiinga skal blant anna innehalde ein kort omtale av føretak i same konsern som det eller dei føretaka som overtek kontroll, eller føretak som blir kontrollert av den eller dei kjøpande personar. Alt som blir erverva skal skildrast. Dersom det ikkje er nok plass i feltet nedanfor, skal ytterlegare informasjon leggjast ved skjemaet. Som ein del av skildringa kan føretaka velje å leggje ved avtalen som ligg til grunn for føretakssamanslutninga.

### 5. Omsetning og driftsresultat

I tabellen nedanfor skal omsetning og driftsresultat i Noreg frå siste rekneskapsår for dei involverte føretaka reknast med. Ved erverv av kontroll skal omsetninga/driftsresultatet til alle føretak i same konsern som det eller dei føretaka som ervervar kontroll, eller omsetninga til alle føretak som blir kontrollert av den eller dei ervervande personar, bli tekne med (føretak frå punkt 1). Alt som blir erverva skal reknast med for eit føretak som det blir teke kontroll over (føretak frå punkt 2). Intern omsetning i dei økonomiske einingane blir trekt frå.

	Namn	Omsetning (i tusen kroner)	Driftsresultat (i tusen kroner)
Meldar (frå punkt 1.1):			
Annan meldar (frå punkt 1.2):			
Annan meldar (frå ev. vedlegg):			
Anna involvert føretak (frå punkt 2.1):			
Anna involvert føretak (frå punkt 2.2):			
Anna involvert føretak (frå ev. vedlegg):			

## 6. Marknader som blir berørde av føretakssamanslutninga.

Opplysningar om marknader der to eller fleire av dei involverte føretaka har overlappende verksemd, og der den samla marknadsdelen som følgje av føretakssamanslutninga blir på over 20 prosent eller allereie er på over 20 prosent og aukar som følgje av føretakssamanslutninga. Marknadsdelar i den aktuelle marknaden som andre føretak i same konsern som det eller dei føretaka som overtek kontroll har, eller marknadsdelar som blir kontrollerte av den eller dei ervervande personar, skal reknast med for gjeldande føretak. For føretak som det blir teke kontroll over skal alt som blir erverva reknast med. Det er berre marknader i Noreg, eller marknader som Noreg er ein del av, som skal skildrast.

Det held å gi namnet på vara/tenesta dersom dette er tilstrekkeleg presist. Gi opplysningar om i kva geografiske område varene/tenestene blir selde. Opplys om dei involverte føretaka sine samla marknadsdelar i marknadene. For kvar av marknadene i Noreg, eller som Noreg er del av, der dei involverte føretaka og føretak i same konsern har overlappende verksemd, skal dei involverte føretaka opplyse om sine fem viktigaste konkurrentar, kundar og leverandørar. Dette gjeld uavhengig av dei involverte føretaka sine marknadsdelar i marknadene. Dersom det er meir enn tre marknader som skal skildrast, skal tilsvarende opplysningar for dei andre marknadene leggjast ved.

Vare/teneste 1	Geografisk(e) område	Marknadsdel
Fem viktigaste konkurrentar	Fem viktigaste kundar	Fem viktigaste leverandørar

Vare/teneste 2	Geografisk(e) område	Marknadsdel
Fem viktigaste konkurrentar	Fem viktigaste kundar	Fem viktigaste leverandørar

Vare/teneste 3	Geografisk(e) område	Marknadsdel
Fem viktigaste konkurrentar	Fem viktigaste kundar	Fem viktigaste leverandørar

### 7. Årsmelding og årsrekneskap

Dersom årsmeldinga og årsrekneskapen til eit involvert føretak ikkje er offentleg tilgjengeleg (for eksempel i Regnskapsregisteret i Brønnøysund eller på føretaket si heimeside), skal desse dokumenta leggjast ved meldinga. Det same gjeld for føretak i same konsern som det eller dei føretaka som overtek kontroll, eller som blir kontrollerte av den eller dei ervervande personar.

### 8. Andre opplysningar

Eventuelle andre opplysningar som meldar(ane) meiner kan vere av verdi for Konkurransetilsynet si vurdering av om det skal påleggjast fullstendig melding.

--

### 9. Offentleggjering

Meldar(ane) må klart markere kva opplysningar meldar(ane) reknar som forretningsløyndomar. Alternativt kan forslag til offentleg versjon leggjast ved i eit eige dokument.

--

### 10. Underskrift

Dersom det er meir enn ein meldar, skal alle meldarane signere. Det blir gjort merksam på at det etter konkurranselova § 30 fyrste ledd bokstav d. er straffbart å gi urette eller ufullstendige opplysningar til konkurransestyresmaktene.

Stad	Dato	(for meldar frå punkt 1.1)
------	------	----------------------------

Stad	Dato	Underskrift (for ev. meldar frå punkt 1.2)
------	------	--